



Arkivsaknr: 2025/4954-3
Sakshandsamar: Kate Bentzen
Avdeling: Næring og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Søknad til Næringsfondet - Nordhordland Næringslag - Søknad om støtte til ulike lærlingetreff/arrangement knyttet til lærlinger

Utvalssak	Utval	Møtedato
-----------	-------	----------

Utval for næring, kultur og idrett		
------------------------------------	--	--

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjekt Søknad om støtte til ulike lærlingetreff/arrangement knyttet til lærlinger vert tildelt kroner 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Bakgrunn

Nordhordland Næringslag er ei foreining/lag/innretning. Bransje: 94.991 Aktivitetar i andre interesseorganisasjonar ikkje nemnt annet sted. Registrert 25.09.2004. Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar

Nordhordland Næringslag er ein medlemsorganisasjon med rundt 370 verksemder innan ulike bransjar i Nordhordland. Organisasjonen arbeider for å fremje næringslivet sine interesser og er lokalisert i Knarvik. Næringslaget har tre heiltidstilsette og er ein sentral aktør i næringsutviklinga i regionen.

Om prosjektet

Prosjektet startar opp 28. august 2025 og er forventa gjennomført 30. april 2026.

Nordhordland er i ei særstilling når det gjeld lærlingar og lære plassar. I 2024 fekk alle elevar som ønskte seg lære plass dette innvilga og ein oppnådde 100% dekning av lære plasser i regionen. Dette er eit resultat av godt samarbeid gjennom mange år mellom Nordhordland Næringslag, næringsliv, NAV, skulane i regionen, samt Alver kommune.

Nordhordland Næringslag søker om støtte frå Alver Næringsfond til gjennomføring av fleire lærlingtreff i perioden august 2025 til april 2026. Tiltaket bygger vidare på eit lærlingtreff næringslaget arrangerte for TAF-elevar i mars 2025 og som var retta mot rekruttering innan industrifag. Arrangementet var svært vellukka med om lag 100 deltakarar og næringslaget ønskjer no å vidareutvikle og utvide dette konseptet.

Då det er stort behov for lærlingar innan mange andre yrkesgrupper, vil ein i tillegg til lærlingtreff retta mot industrien også inkludere yrkesgrupper innan bygg- og anlegg, samt helse. Gjennom lærlingtreff skal ungdom i regionen bli betre kjent med det lokale næringslivet, få kjennskap til moglegheiter for fagutdanning og arbeidsplassar, samt få informasjon om bustadkjøp og økonomi. Arrangementa vil innehalde presentasjonar frå relevante industribedrifter og helseaktørar, bustadaktørar og bankar, og vil fungere som ein møteplass mellom elevar, lærlingar, næringsliv og offentlege aktørar.

Prosjektleveranse / målsetting

Målet med utviklingsprosjektet er å styrke rekrutteringa til fagutdanning og fagbrev innan fleire bransjar, med særleg fokus på bygg- og anlegg samt helse. Dette er bransjar som har utfordringar med å få tak i kvalifiserte lærlingar og fagarbeidarar, og i bygg- og anleggsbransjen er det manglande rekruttering. På nasjonalt nivå har bransjen opplevd svikt i oppdrag, og mange har flytta over til andre bransjar med større behov for arbeidskraft.

Utfordringa her er at når bransjen snur, så er mange forsvunne. Nordhordland Næringslag ønskjer å bidra til styrking av dette fagfeltet og rette søkelyset mot dei bedriftene som er i regionen. Ein har stor tru på at arrangement for denne gruppa kan vera eit viktig bidrag til rekruttering i dette yrket.

Det same er tilfellet innan helse. Det er stort behov for arbeidskraft i helsevesenet i dag, slik vil det óg vera i framtida, men i dag er det generelt for få som utdannar seg innan helsefag. I tillegg er det mange av dei som tek utdanning innan helsefag, som vel påbygg og vidare utdanning som sjukepleiar. Dette er sjølvsagt bra, men utfordringa er då at det er for få som tar fagbrev. Status er 9 ledige lærlingplassar innan helsesektoren i Alver kommune. Ved å arrangere lærlingtreff håper ein å auke rekrutteringa også til dette fagfeltet.

Videre ønskjer Næringslaget å rekruttere lærlingar frå regionen til jobbar i det lokale næringslivet. Ein ønskjer å behalde lærlingane og ikkje risikere at dei forsvinn ut av regionen, då det er stort behov for dei her.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om støtte til ulike lærlingtreff/arrangement knyttet til lærlingar	160 000	80 000	50 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet, vedtatt 21.03.2024 og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Næringsfondet skal styrkje næringslivet i Alver kommune og følgjande kriterium ligg til grunn for vurderinga:

- Bidrag til auka næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar:

Prosjekt som stimulerer til utvikling av nye verksemder, styrking av eksisterande næringsliv, og som skaper varige arbeidsplassar i Alver kommune, skal prioriterast.

- Nyskaping, innovasjon og berekraft:

Tiltak som representerer nytenking, teknologisk utvikling eller bidreg til grøn omstilling og meir berekraftig drift, blir vurdert særleg positivt.

- Gjennomføringsevne:

Prosjektsøknaden skal vise realistisk framdriftsplan, budsjett og ei truverdig gjennomføringsevne, basert på søkjar sin kompetanse, erfaring og finansieringsevne.

- Lokal og tydleg effekt i Alver kommune:

Midlane frå fondet skal i hovudsak ha direkte effekt i Alver kommune. Det kan vere gjennom lokal verdiskaping, sysselsetting, innkjøp frå lokale leverandørar eller etablering av varig næringsverksemd i kommunen.

- Tilskotet sin utløysande effekt:

Det skal vurderast i kva grad tilskotet er nødvendig for å realisere prosjektet. Støtta frå fondet skal ha ein avgjerande eller vesentleg funksjon for oppstart og gjennomføring.

Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til dette.

Vurdering

Prosjektet er i tråd med fondet sitt føremål om å styrkje næringslivet i kommunen og bidra til fleire arbeidsplassar.

Tiltaket er eit kompetanse- og rekrutteringsprosjekt med forankring i næringslivet.

Lærlingtreffa bidreg til kompetanseutvikling i næringslivet og å styrke lokal rekruttering til fagbrev og arbeidsplassar i regionen – særleg innan bransjar med dokumentert mangel på lærlingar og fagarbeidarar.

Tiltaket er avgrensa i tid, har høg gjennomføringsevne og vil kunne få direkte effekt på arbeidsliv og busetjing i kommunen. Prosjektet fell ikkje inn under dei aktivitetane det ikkje skal gjevast støtte til, som kultur- og idrettsarrangement.

Nordhordland Næringslag er ein etablert aktør med 370 medlemsbedrifter og har dokumentert gjennomføringsevne frå tidlegare arrangement. Det ligg føre ein realistisk

kostnads- og finansieringsplan. Tilskotsbeløpet er innanfor ramma av maks 50 % offentlig støtte, jf. punkt 6.1 i vedtektene. Alver kommune vurderer prosjektet som eit godt eksempel på berekraftig næringsutvikling i tråd med fondet sitt føremål.

Kommunedirektøren si tilråding

Prosjekt Søknad om støtte til ulike lærlingetreff/arrangement knyttet til lærlinger vert tildelt kroner 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Vedlegg

- 1 Oppsummering av lærlingetreff for industrien - 20.mars
- 2 Søknad om midler til lærlingetreff
- 3 soknad-2025-0012